



Bygland kommune  
Att.Kjell Øyvind Berg  
Kommunehuset  
4745 BYGLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ole Martin Aanonsen, 37 01 78 51

## Inspeksjonsrapport etter kontroll ved Byglandsfjord avløpsanlegg, Bygland kommune

### Kontrollnummer: 2023.074.I.SFAG

*Frå verksemda:*  
Kjell Øyvind Berg

*Frå Statsforvaltaren i Agder:*  
Ole Martin Aanonsen

*Andre deltakarar frå verksemda:*  
Ingar Lindsetmo  
Trond Skjeggedal

*Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i Agder:*  
Ildikó Nordensvan

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Byglandsfjord reinseanlegg den 26. april 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Agder avdekkar tre avvik og ga ingen merknadar under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Bygland kommune manglar politisk vedtekne strategiar og styringsdokument for kommunens avløpsarbeid.
- Kommunens miljørisikovurderingar har manglar.
- Drift og vedlikehald av leidningsnett har manglar.

#### Merknadar:

Statsforvaltaren gav ingen merknadar under inspeksjonen.

Avvik er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.



**Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift**

<u>10. juli 2023</u>	<u>Ole Martin Aanonsen</u>	<u>Ildikó Nordensvan</u>
Dato	seniorrådgjevar	seniorrådgjevar

Statsforvaltaren i Agder



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> BYGLAND KOMMUNE ADMINISTRASJON DRIFT OG FORVALTNING	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974613379	<b>Eigd av:</b> 964966397
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Byglandsfjord renseanlegg	<b>Anleggsnr.:</b> 4220.0007.01
<b>Kommune:</b> Bygland	<b>Fylke:</b> Agder
<b>Anleggsaktivitet:</b> Avløpsnett og -rensing	
<b>Løyve gitt:</b> 12. desember 2011	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å følge opp tidlegare inspeksjon og sjå Bygland kommune si oppfølging av avløpsanlegg med løyve frå Statsforvaltaren etter forureiningsforskrifta kapittel 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser.*

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema:

- Overordna styring og planlegging
- Kunnskap om regelverk og myndigheitskrav
- Kommuneleiinga si forståing av mål og krav, og korleis dei sikrar seg nok oversikt over eigne utslepp og påverknad på miljøet
- Kommunal planlegging og oppfølging av krav til internkontroll for ytre miljø
- Korleis kommunen sikrar at avløpssystemet fungerer godt, og at krav vert overhaldne både no og i framtida
- Oversikt over tilstanden til avløpssystemet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet til verksemda.

### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller i med heimel i lov.



**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Byglandsfjord reinseanlegg pliktar å rette opp avika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Byglandsfjord reinseanlegg innan 31. oktober 2023 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avika er følgde opp og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post ([sfagpost@statsforvalteren.no](mailto:sfagpost@statsforvalteren.no)) til Statsforvaltaren i Agder v/ Ole Martin Aanonsen.

### 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 27. mars 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Byglandsfjord reinseanlegg betale eit gebyr på kr 37 400,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit.

Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Agder. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert

### 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Agder (jf. Offentleglova).

### 6. Avvik

Vi fann følgande avvik under inspeksjonen:



### **Avvik 1**

Bygland kommune manglar politisk vedtekne strategiar og styringsdokument for kommunens avløpsarbeid.

#### **Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 4 og 6.

#### **Kommentarar:**

Internkontrollforskrifta § 5 nummer 6 slår fast at verksemda skal kartlegge farar og problem og utarbeide skriftlege planar for førebygge forureining.

Under tilsynet i 2021 gav Statsforvaltaren avvik på at kommunen over lang tid ikkje har hatt ei politisk vedteken hovudplan for avløp og tilhøyrande styringsdokument for avløpssektoren. Vi påpeikte at kommunen manglar målretta og naudsynt fokus på avløpsområdet.

Kommunen har fått utarbeidd ein hovudplan, men han er enno ikkje politisk vedteken av kommunestyret.

### **Avvik 2**

Kommunens miljørisikovurderingar har manglar.

#### **Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 5 og 8.  
Utsleppsløyve av 12.12.2011 punkt 2.4.

#### **Kommentarar:**

I følge internkontrollforskrifta skal kommunen ha ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget. Ei miljørisikovurdering skal innehalde ein kartlegging av farar og problem, og på denne bakgrunn må ein gjera ei vurdering av risiko. Risiko som overskrid akseptkriterium skal følgast opp i en forpliktande handlingsplan, og tiltak skal gjennomførast for å redusere risikotilhøva. Risikovurderingane og handlingsplanen skal oppdaterast jamleg. Handlingsplanen skal innehalde tidsfristar og kven som er ansvarlege for tiltaka.

Under tilsynet i 2021 gav Statsforvaltaren avvik på at ROS-analysen knytt til avløpsanlegget ikkje hadde vore revidert sidan 2013. Bygland kommune har no revidert dokumentet så det viser dagens tilhøve. ROS-analysen manglar framleis ein politisk vedteken handlingsplan som syner når naudsynte tiltak skal gjennomførast og kven som er ansvarleg. Ein handlingsplan heng sterkt saman med ein hovudplan for avløp.

### **Avvik 3**

Drift og vedlikehald av leidningsnettet har manglar.

#### **Avvik frå:**

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7.  
Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 14-5 om avløpsnettet.  
Utsleppsløyve av 12.12.2011 punkt 3.3.

**Kommentarar:**

Internkontrollforskrifta gir føresegner om at kommunen pliktar å ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskriding av føresegner fastsett i medhald av lovverket. I utsleppsløyvet for Byglandsfjord avløpsanlegg punkt 3.3. er det presisert at kommunen skal drive og halde ved like leidningsnettet med beste tilgjengelege teknologi og fagkunnskap.

Kommunen pliktar òg å utarbeide ein overordna og politisk behandla tidsplan for fornying av avløpsnettet og skal ei kvar tid ha ein tiltaksplan for sanering av leidningsnettet.

Arbeid med kartlegging av leidningsnettet og utarbeiding av saneringsplan er over tid ikkje gitt naudsynt prioritering.

Kommunen har auka innsatsen på arbeidet med digitalisering, men det er framleis manglar knytt til registrering av eksisterande leidningsnett. Kommunen manglar òg ein overordna og politisk behandla tidsplan for fornying av avløpsnettet.

## 7. Andre tilhøve

**Kommunen skal sende inn søknad om nytt utsleppsløyve innan 31. desember 2023**

Utsleppsløyvet til Byglandsfjord reinseanlegg er frå 11. desember 2011, og vilkåra i løyvet treng revidering for å vere i samsvar med dagens regelverk. Vi viser til forureiningslova § 18 tredje ledd, kor det står at forureiningsmyndigheita kan kalle tilbake eller endre eit løyve når det har gått meir enn ti år sidan løyvet blei gitt.

Statsforvaltaren ber om at Bygland kommune sender inn søknad om nytt utsleppsløyvet så snart som råd og seinast innan 31. desember 2023. De kan finne rettleiing til informasjon om søknadens innhald på heimesida til Statsforvaltaren i Oslo og Viken: <https://www.statsforvalteren.no/nb/oslo-og-viken/miljo-og-klima/avlop/soknad-om-tillatelse/>.

**Påsleppsavtale med Tine Meierier Setesdal**

Byglandsfjord avløpsanlegg mottok prosessvatn frå Tine Meierier Setesdal. Det finnast ein avtale mellom kommunen og Tine frå 2007 om påslepp av prosessvatnet.

Statsforvaltaren meiner det er naudsynt å regulere industripåslepp til avløpsanlegget på ein måte som gir kommunen høve til å sette vilkår til påsleppet. Kommunen har mynde til å regulere påsleppet gjennom eit løyve til påslepp, jf. forureiningsforskrifta § 15A.

Gjennom å gje eit løyve, kan kommunen sette vilkår til påsleppet i samsvar med føresegnene i § 15A-4. Kommunen har òg moglegheit til å fastsette gebyr knytt til tilført mengde prosessvatn.

## 8. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)



- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- Inspeksjonsrapport 2021.070.I.FMAG

Med helsing

Ildikó Nordensvan (e.f.)  
seniorrådgiver

Ole Martin Aanonsen  
seniorrådgiver  
Miljøvernabdelingen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: